

657 000 TAPTE ÅRSVERK I 2012

Av Jorunn Furuberg, Xu Cong Qiu og Ola Thune

Samandrag

I 2012 var det 5 600 færre tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid samanlikna med 2011. I alt gjekk 657 000 årsverk tapt i fjor. Frå 2011 til 2012 auka folkemengda i alderen 16–67 år med 48 300 personar. Om folkemengda ikkje hadde endra seg frå 2011 til 2012, ville nedgangen i talet på tapte årsverk vore på om lag 14 000 årsverk.

I overkant av 1,5 millionar personar står bak dei 657 000 tapte årsverka. Bak kvart tapte årsverk står det i gjennomsnitt 2,3 personar. Dette viser at det er gjennomstrøyming i dei ulike ordningane. Gjennomstrøyminga er høgast innan sjukefråvær med 8,1 personar bak kvart tapte årsverk, og lågast innan uførepensjon med 1,2 personar.

Det er ein nedgang i tapte årsverk i prosent av folkemengda for begge kjønn og i alle aldersgrupper. Nedgangen er størst for personar i alderen 62 – 67 år. Dette må sjåast i samanheng med at mange personar i denne aldersgruppa har høve til å ta ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon, noko som kan vera eit alternativ ved dårleg helse eller ein usikker situasjon på arbeidsmarknaden.

Innleiing

I den offentlege debatten har det kome fram fleire ulike tal over kor mange som er utanfor arbeidslivet. Nokre av desse tala overdriv utanforskapet ved å leggja saman talet på personar som er mottakarar av ulike stønader frå NAV, utan å ta omsyn til at mange berre er borte i kort tid, og mange har graderte ytingar. Det er også vanleg å ikkje ta omsyn til at ein del personar er arbeidslause utan å ha rett på stønader frå NAV, noko som underestimerer talet.

Dei siste åra har NAV laga estimat over kor mange årsverk som går tapt i folkemengda på grunn av dårleg helse og arbeidsløyse. Dette estimatet er eit forsøk på å svara på kor stort utanforskapet er. Vi har teke utgangspunkt i kor mange personar som er borte frå det ordinære arbeidslivet på grunn av dårleg helse eller arbeidsløyse, og kor lenge kvar person er borte. I utrekninga er det også teke omsyn til at ein del personar er delvis utanfor arbeidslivet.

Færre tapte årsverk

Figur 1 illustrerer utviklinga i tapte årsverk i absolute tal og i prosent av folkemengda. I 2012 gjekk det til saman tapt 657 000 årsverk på grunn av dårleg helse eller arbeidsløyse blant personar i alderen 16 – 67 år. For første gong sidan NAV starta å laga desse tala er det ein nedgang i talet på tapte årsverk. I 2012 gjekk det tapt 5 600 færre årsverk enn i 2011, ein nedgang på 1 prosent. Rekna i prosent av folkemengda utgjør tapte årsverk 19,2 prosent i 2012. Dette er ein nedgang på 0,5 prosentpoeng frå 2011. Figur 1 viser at veksten i folkemengda har vore sterkare enn veksten i tapte årsverk dei siste åra. Frå 2005 har det vore ein auke i talet på tapte årsverk med i overkant av 40 000, men rekna i prosent av folkemengda har det vore ein nedgang frå 20,0 prosent til 19,2 prosent i denne perioden.

I 2012 kom i overkant av 287 000 tapte årsverk frå uførepensjon. Dette er ein auke på 6 300 årsverk, eller 2,3 prosent, samanlikna med 2011. Frå 2005 har


tapte årsverk i denne gruppa auka med 8 300, dette svarer til 3,0 prosent. Frå 2005 til 2009 var det ein nedgang i talet på tapte årsverk i kategorien uførepensjon, frå 2010 har det vore ein auke. Utvikling i tapte årsverk blant uførepensjonistar må sjåast i samanheng med ordninga med tidsavgrensa uførestønad i perioden 2004 til mars 2010. Frå 2005 til 2009 auka talet på tapte årsverk for tidsavgrensa uførestønad med 29 000. Mange av dei som var omfatta av denne ordninga har fått uførepensjon i perioden etter mars 2010 (Bragstad, Ellingsen og Lindbøl 2012).

I 2012 gjekk i underkant av 174 000 årsverk tapt i kategorien nedsett arbeidsevne. Dette er 6 200 færre enn i 2011, og svarer til ein nedgang på 3,4 prosent. Når vi samanliknar utviklinga i tapte årsverk i kategorien nedsett arbeidsevne med tal for tilsvarende gruppe frå før 2010, ser vi på summen av personar med tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og personar registrert som yrkesvalhemma/nedsett arbeidsevne hos NAV. Frå 2005 til 2012 har det vore ein auke på 41 000 tapte årsverk personar med nedsett arbeidsevne. Dette svarer til ein auke på 30,8 prosent.

Sjukefråværet står for 101 900 tapte årsverk i 2012. Dette er 1900 færre årsverk enn i 2011. Samanlikna med 2005 har det vore ein auke i tapte årsverk frå sjukefråvær med om lag 9 600, eller 10,3 prosent.


I 2012 var arbeidsløysa lågare enn i 2011. Dette har ført til ein nedgang i talet på tapte årsverk frå arbeidsløyse. Blant heilt arbeidslause gjekk det tapt 64 300 årsverk i 2012, ein nedgang på 5,4 prosent, eller 3 600 årsverk, frå 2011. Samanlikna med 2005 gjekk 19,5 prosent færre årsverk tapt blant heilt arbeidslause i 2012. Også blant delvis arbeidslause har det vore ein nedgang i talet på tapte årsverk det siste året. I alt gjekk 13 000 årsverk tapt blant delvis arbeidslause, ein nedgang på 1 400 årsverk, eller 10 prosent frå året før. Blant arbeidssøklarar på tiltak gjekk 16 600 årsverk tapt i fjor, ein auke på 1 200 årsverk, eller 8 prosent, samanlikna med 2011.

Figur 1: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar i alderen 16–67 år, årsgjennomsnitt. Talet på tapte årsverk etter kategori og sum tapte årsverk i prosent av folkemengda



Kjelde: NAV

Figur 2: Tapte årsverk i 2005 og i 2012 i prosent av folkemengda, fordelt på eittårige aldersklassar. Personar i alderen 16 – 66 år



Kjelde: NAV

Vekst i folkemengda dempar nedgangen i tapte årsverk

Frå 2005 til 2012 har folkemengda i alderen 16 – 67 år auka, og det har relativt sett vorte fleire i dei eldste aldersklassane. Ved å aldersjustera dei tapte årsverka i 2012 mot 2005, jamfør formel i faktaboksen, finn vi eit uttrykk for kor mange årsverk som ville ha gått tapt i 2012 dersom folkemengda ikkje hadde endra seg mellom desse to åra. Dei aldersjusterte tala viser ein nedgang i talet på tapte årsverk med i overkant av 30 000 frå 2005 til 2012.

I 2012 gjekk det tapt 5 600 færre årsverk enn i 2011, samstundes som folkemengda i alderen 16 – 67 år auka med om lag 48 300 personar. Aldersjusterte tal viser at dersom folkemengda ikkje hadde endra seg frå 2011 til 2012, ville denne nedgangen ha vore på i underkant av 14 000 årsverk.

Sjølv om veksten i folkemengda dempar nedgangen i tapte årsverk samla for alle mellom 16 – 67 år, kan utviklinga vera ulik innan ulike aldersgrupper. Figur 2 viser tapte årsverk i prosent av folkemengda innan eittårige aldersgrupper i 2005 og i 2012. I dei fleste

Data og definisjonar

Dei seinaste åra har NAV kvart år estimert talet på tapte årsverk som følgje av dårleg helse eller mangel på ordnært arbeid. Tala i denne artikkelen baserer seg på individdata over alle personar som i løpet av åra 2005 og 2009–2012 hadde ein eller fleire av følgjande stønader/arbeidsmarknadsstatusar:

- varig uførepensjon
- tidsavgrensa uførestønad (t.o.m. februar 2010)
- rehabiliteringspengar (t.o.m. februar 2010)
- yrkesvalhemma /nedsett arbeidsevne (med og utan attføringspengar, t.o.m. februar 2010)
- nedsett arbeidsevne (f.o.m. mars 2010, med og utan arbeidsavklaringspengar)
- sjukefråvær
- heilt arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- delvis arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- arbeidssøklarar på tiltak.

For uførepensjon, tidsavgrensa uførestønad og rehabiliteringspengar er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvart kvartal. For sjukefråvær er det nytta data over alle sjukefråvær i kvart kvartal. For personar med nedsett arbeidsevne, heilt arbeidslause, delvis arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvar måned.

I mars 2010 blei det innført ein ny stønad, arbeidsavklaringspengar. Alle som ved utgangen av februar 2010 var mottakarar av tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar eller attføringspengar gjekk frå mars 2010 over til å vera mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Samstundes blei gruppa som er definert som «personar med nedsett arbeidsevne» utvida til også å inkludera alle mottakarar av arbeidsavklaringspengar. I våre data har vi difor slått saman tapte årsverk for personar som var mottakarar av tidsavgrensa uførestønad og rehabiliteringspengar i dei to første månadene i 2010 med alle i gruppa med nedsett arbeidsevne. Når vi i artikkelen samanliknar tal over personar med nedsett arbeidsevne frå og med 2010 med tal for tidlegare år, samanliknar vi med summen av tapte årsverk innan tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og yrkesvalhemma/personar med nedsett arbeidsevne.

Ved å kopla saman datamaterialet på individnivå er det justert for at fleire av desse personane får meir enn ein stønad på eit og same tidspunkt. Det er til dømes ikkje uvanleg at ein person får arbeidsavklaringspengar (til dømes 50 prosent) og uførepensjon (til dømes 50 prosent) samstundes. Ved å kopla individopplysningar om arbeidsavklaringspengar med uførerregisteret, vil denne personen berre telja som eit tapt årsverk, og ikkje som to personar tapt, som ville vore tilfelle dersom ein ikkje kopla registra. Ein person kan vera registrert i fleire register samstundes. Til dømes kan ein heilt arbeidslaus vera sjukmeldt, og ein person som er 100 prosent ufør kan samstundes vera i eit tiltak for personar med nedsett arbeidsevne. I tilfelle der summen av alle registreringane overstig eit årsverk per person, har vi prioritert kva for ordning årsverket skal telja med i slik:

Uførepensjon er prioritert over nedsett arbeidsevne, deretter følgjer sjukefråvær, heilt arbeidslaus, delvis arbeidslaus og til slutt arbeidssøklarar på tiltak.

Det er heller ikkje uvanleg for ein stønadsmottakar å ha ein gradert stønad, og mange arbeider noko ved sidan av ein gradert stønad. Når vi estimerer dei tapte årsverka, tek vi utgangspunkt i kor stor del av ei full trygdeytning dei einskilde har, det vil seia at vi må redusera for arbeid for dei som har graderte ytingar. For personar som arbeider ved sida av 100 prosent trygdeytning har vi ikkje redusert for arbeid. Kor stor del av eit årsverk ein stønadsmottakar bidrar med, er estimert på grunnlag av den såkalla grade-ringsdelen i sakshandsamingssystemet for uføreytingar og rehabiliteringspengar. Mottakarar av dagpengar, arbeidsavklaringspengar og tidlegare også mottakarar av attføringspengar, sender kvar 14. dag inn eit meldekort til NAV der dei opplyser om kor mykje dei eventuelt har arbeidd i løpet av dei siste to vekene. Opplysningane frå meldekorta er brukte til å estimera kor stor prosentdel av eit årsverk delvis arbeidslause, mottakarar av attføringspengar og mottakarar av arbeidsavklaringspengar bidrar med. Delvis arbeidslause utan dagpengar fører ikkje opp arbeidet på meldekortet, slik at det for denne gruppa er lagt til grunn at dei bidrar med like stor prosentdel av eit årsverk som gjennomsnittet for delvis arbeidslause med dagpengar.

Det er vidare lagt til grunn at alle arbeidssøklarar på tiltak, eller personar med nedsett arbeidsevne på tiltak, er i tiltak på heiltid om dei ikkje samstundes er mottakarar av stønader frå NAV.

Tapte årsverk til sjukefråvær er estimert med bakgrunn i individdata i sjukefråværsstatistikken. Denne statistikken omfattar legemeldt sjukefråvær for alle arbeidstakarar busett i Noreg med arbeidsforhold registrert i Aa-registeret.

Talet på tapte årsverk kjem fram ved å summera saman på individnivå kor lenge og kor mykje (gradering) i løpet av året kvar person var anten heilt eller delvis var mottakarar av ein eller fleire av stønadene nemnd innleiingsvis, eller som heilt eller delvis var i ein av dei nemnde arbeidssøklarstatusane.

Talet på tapte årsverk gir dermed uttrykk for talet på årsverk som går tapt i produksjonen av varer og tenester, som følgje av arbeidsløysing eller helseproblem blant personar i alderen 16– 67 år.

Dei aldersjusterte tala over tapte årsverk (a_{2012}) er laga ved å rekna ut raten for tapte årsverk for eittårige aldersgrupper i gjennomsnitt for 2012,
$$\sum_{i=16}^{67} \frac{TA_{2012}^i}{Bef_{2012}^i}$$

Desse ratane er multipliserte med talet på personar i dei same aldersgruppene i gjennomsnitt for 2005.

Dette gir:
$$a_{2012} = \left(\sum_{i=16}^{67} \frac{TA_{2012}^i}{Bef_{2012}^i} * Bef_{2005}^i \right)$$

aldersklassar, bortsett frå blant dei i alderen 44–50 år, utgjør tapte årsverk ein lågare prosentdel av folke­mengda i 2012 enn i 2005. Nedgangen er størst blant dei eldste. Noko av nedgangen blant dei eldste kan skuldast at det frå 2011 blei mogeleg for mange å ta ut alderspensjon ved 62-års alder. Dette kan likevel ikkje vera årsaka til nedgang blant personar under 62 år.


Flest tapte årsverk blant kvinner

I 2012 gjekk i overkant av 361 000 årsverk tapt blant kvinner, medan vel 295 000 årsverk gjekk tapt blant menn. Samanlikna med 2011 auka talet på tapte årsverk blant kvinner med 0,2 prosent, medan det var ein nedgang blant menn på 2,1 prosent. Både for kvinner og menn har veksten i folkemengda vore sterkare enn veksten i talet på tapte årsverk. Blant kvinner utgjorde tapte årsverk 21,6 prosent av folke­mengda i alderen 16 – 67 år i 2012, jamfør figur 3. Dette er 0,3 prosentpoeng lågare enn i 2011, og 0,5 prosentpoeng lågare enn i 2005. Frå 2011 til 2012 har det vore ein auke i prosentdelen tapte kvinne­årsverk blant uførepensjonistane med 0,2 prosentpo-

eng medan det har vore ein nedgang i gruppa nedsett arbeidsevne med 0,3 prosentpoeng. Figur 3 viser at dei fleste tapte årsverka blant kvinner skuldast dårleg helse. Når vi ser dei helse­relaterte ordningane (uførepensjon, nedsett arbeidsevne og sjukefråvær) under eitt, var det ein nedgang i prosentdelen tapte årsverk på 0,3 prosentpoeng frå 2011 til 2012. Samanlikna med 2005 er det likevel ein auke på 0,6 prosentpoeng.


Tapte årsverk blant menn i 2012 utgjorde 16,9 prosent av folkemengda i alderen 16–67 år, jamfør figur 4. Dette er ein nedgang på 0,6 prosentpoeng frå 2011. Nedgangen det siste året skuldast færre tapte årsverk både på grunn av dårleg helse og mangel på ordinært arbeid. Heilt arbeidslause er den einaste kategorien som har høgare prosent tapte årsverk for menn enn for kvinner. Rekna i prosent av folke­mengda har tapte årsverk på grunn av uførepensjon og blant arbeidssøklarar på tiltak halde seg stabil, medan det har vore ein nedgang i tapte årsverk i dei andre kategoriane.

Figur 3: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for kvinner 16–67 år. Prosent av folkemengda.



Kjelde: NAV

Figur 4: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for menn 16 – 67 år. Prosent av folkemengda



Kjelde: NAV

Nedgang i tapte årsverk i alle aldersgrupper


Figur 5, 6, 7 og 8 viser at det har vore ein nedgang i tapte årsverk, rekna i prosent av folkemengda, for alle aldersgrupper frå 2011 til 2012.

Arbeidsmarknaden har mykje å seia for kor mange årsverk som går tapt blant dei yngste. Arbeidsløysa blant unge svingar meir med konjunkturane enn blant eldre. Unge har i større grad korte engasjement og har ikkje like sterkt fotfeste på arbeidsmarknaden som eldre. Dei er difor meir utsett for arbeidsløyse.

Figur 5 viser utviklinga for unge under 20 år. I 2012 gjekk 8 700 årsverk tapt blant dei yngste. Dette er ein nedgang på 300 årsverk samanlikna med 2011. Dei tapte årsverka for unge under 20 år utgjer 3,3 prosent av folkemengda i aldersgruppa 16 – 19 år, ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå 2011. Om lag halvparten av dei tapte årsverka i denne aldersgruppa skuldast mangel på ordinært arbeid.

Figur 6 viser utviklinga for unge i alderen 20 – 24 år og 25 – 29 år. I aldersgruppa 20 – 24 år gjekk det tapt 38 400 årsverk i 2012, uendra frå året før. Rekna i prosent av folkemengda i aldersgruppa er det


Figur 5. Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar under 20 år. Prosent av folkemengda.



Kjelde: NAV


likevel ein nedgang på 0,3 prosentpoeng. Nedgangen skuldast færre tapte årsverk innan sjukefråvær og blant heilt arbeidslause.

Figur 6. Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar 20–29 år, etter alder. Prosent av folkemengda




Kjelde: NAV

Figur 7. Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar 30 – 49 år, etter alder. Prosent av folkemengda.



Kjelde: NAV

Figur 8: Tapte årsverk på grunn av dårleg helse eller mangel på ordinært arbeid for personar 50–67 år, etter alder. Prosent av folkemengda



Kjelde: NAV

Tabell 1. Talet på personar som er med i grunnlagstala for tapte årsverk i 2012, etter stønadsområde/status på arbeidsmarknaden.

	Personar i datagrunnlaget	Personar per tapt årsverk
Uførepensjon	333 616	1,2
Nedsett arbeidsevne	253 313	1,5
Sjukefråvær	828 613	8,1
Heilt arbeidslause	215 066	3,3
Delvis arbeidslause	97 986	7,6
Arbeidssøkjjarar på tiltak	57 138	3,4
Sum unike personar i alt*	1 505 892	2,3

Kjelder: NAV

I aldersgruppa 25 – 29 år gjekk det tapt i underkant av 46 000 årsverk i 2012, ein nedgang på 300 frå 2011. På grunn av auken i folkemengda i denne aldersgruppa var nedgangen i tapte årsverk på 0,5 prosentpoeng rekna i prosent av folkemengda. Det har vore ein nedgang i alle kategoriar så nær som uførepensjon som aukar med 0,1 prosentpoeng. Nedgangen er størst i kategorien nedsett arbeidsevne der dei tapte årsverka utgjorde 5,2 prosent av folkemengda i 2012.

Både blant 30- åringane og 40- åringane var det ein nedgang i talet på tapte årsverk med 0,4 prosentpoeng det siste året når vi tar utgangspunkt i tapte årsverk i prosent av folkemengda, jamfør figur 7.

109 000 årsverk gjekk tapt blant personar i alderen 30 – 39 år i 2012, dette er om lag 2 500 færre enn i 2011, og svarer til 16,0 prosent av folkemengda i aldersgruppa. Tapte årsverk i prosent av folkemengda har auka i kategoriane uførepensjon og arbeidssøkjjarar på tiltak, medan det har vore ein nedgang i alle andre kategoriar.

I aldersgruppa 40 – 49 år gjekk i underkant av 141 000 årsverk tapt i 2012, ein nedgang på knappe 500 årsverk frå året før. Dei tapte årsverka svarer til 19,3 prosent av folkemengda i 2012. Tapte årsverk i kategorien uførepensjon har auka med 0,4 prosentpoeng det siste året, medan det har vore ein nedgang i kategorien nedsett arbeidsevne med 0,6 prosentpoeng. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med at mange som tidlegare var

mottakarar av tidsavgrensa uførestønad har hatt overgang til uførepensjon i løpet av 2012.

Figur 8 viser utviklinga for personar i alderen 50–61 år og 62 – 67 år. I alt gjekk i underkant av 314 000 årsverk tapt blant personar i alderen 50 – 67 år i 2012, dette svarer til 48 prosent av dei tapte årsverka totalt. I aldersgruppa 50 – 61 år har prosentdelen tapte årsverk minka med 0,4 prosentpoeng frå 2011. I kategorien nedsett arbeidsevne har nedgangen vore størst, med 0,3 prosentpoeng. Det er berre tapte årsverk på grunn av uførepensjon som aukar, med 0,1 prosentpoeng.

Aldersgruppa 62 – 67 år er i ei særstilling ved at det er mogleg for mange å ta ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon etter fylte 62 år. Tidlegare studiar har vist at for personar i alderen 61 til 69 år er «dårleg helse» den faktoren som i størst grad reduserer sannsynet for å halda fram i arbeid. Helsetilstanden har og sterkast effekt på tidleg pensjoneringa blant dei yngste seniorenne (Bråthen og Bakken 2013). Det kan tenkjast at alderspensjon og avtalefesta pensjon kan vera eit alternativ for personar i denne aldersgruppa som har dårleg helse, eller som er i ein usikker situasjon på arbeidsmarknaden. Samanlikna med 2011 har tapte årsverk gått ned med 0,9 prosentpoeng i denne aldersgruppa. Tapte årsverk i kategorien uførepensjon har gått ned med 0,9 prosentpoeng frå 2011. Det er også ein liten nedgang i tapte årsverk i gruppa heilt arbeidslause, medan det har vore ein liten auke i tapte årsverk innan nedsett arbeidsevne.

Mange personar er med i grunnlagstala for tapte årsverk

I overkant av 1,5 millionar unike personar bidrar til dei 657 000 tapte årsverka i 2012. Dette viser at det er gjennomstrøyming i dei ulike ordningane. Det er ikkje slik at personane bak dei tapte årsverka står permanent utanfor arbeidslivet. Bak kvart tapte årsverk er det i gjennomsnitt 2,3 personar, jamfør tabell 1. Dette talet har vore stabilt i dei åra vi har estimert tapte årsverk for. Det er likevel store forskjellar mellom dei ulike ordningane når det gjeld kor mange personar som står bak kvart tapte årsverk. Uførepensjon er den ordninga det er minst gjennomstrøyming i. Bak kvart tapte årsverk i kategorien uførepensjon står det 1,2 personar. Uførepensjon er ei ordning for personar med varig nedsett arbeidsevne, dei fleste som blir uførepensjonistar forblir i ordninga til dei fyller 67 år. Sjukefråvær er den kategorien som har størst gjennomstrøyming. Bak kvart tapte årsverk på grunn av sjukefråvær stod det i 2012 8,1 personar.

Referansar

Bragstad Torunn, Ellingsen, Jostein og Lindbøl, Marianne N. (2012) «Hvorfor blir det flere uførepensjonister». *Arbeid og velferd*, 2/2012, 26–39.

Bråthen, Magne og Bakken, Frøydis (2013) *Arbeid eller pensjon? En studie av hvilke faktorer som påvirker seniorers beslutning om å fortsette i jobb*. NAV-rapport nr1./2013. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.